

## AVTALE

mellom

**Meland kommune**

og

**Anita Viketun og Jens O. Kvamsås Bertelsen**

Eigarar av gbnr. 23/446 i Meland kommune

Avtalen gjeld tiltak for å unngå flaum i område rundt Holtermandsvegen. For å handtera overvatnet skal kommunen leggje overvassrøyr i område. Dersom overvassrøyra ikkje tek unna nedbøren, må vatnet gå via flaumveg. For å etablere flaumveg med tilstrekkeleg fall er det naudsynt at eksisterande veg til eigedomane vert senka. Samstundes med arbeidet vil eksisterande vass-og avløpsleidningar bli skifta ut.

Meland kommune og eigar av gnr. 23 bnr. 446 i Meland kommune har inngått følgjande avtale om overvasstiltak, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune gjevast rett til å iversetje overvasstiltak på eigedomen. Herunder har kommunen rett til å leggje og ha liggjande overvassrøyr og til å etablera ein flaumveg. Vidare skal kommunen bytte ut eksisterande vass- og avløpsleidningar. Den aktuelle plasseringa av tiltaka er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringen og utføringa av anlegget.
2. Meland kommune har vidare rett til tilkomst til overvasstiltaka i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og forsyning, samt rett til å nytte private framkomstvegar i samband med arbeidet og seinare kontroll.
3. Overvasstiltaka og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenopprettet i den grad det er mogleg. Følgjande er nærmere avtalt:
  - Kommunen vil leggje asfalt med tilhøyrande støypekantar, etter at overvasstiltaka er utført, på det området det no er grus. Grunneigar må imidlertid belage seg på at vegen etter asfaltringen verte noko nedsenka enn den er no. Utføringa av gjenopprettetinga gjerast elles i samråd med grunneigar.
  - Kommunen vil erstatte den noverande hekken med eit støypt plankegjerde.
  - I samråd med entreprenør vil kommunen gjere tiltak for å unngå setningskader. Mellom anna vil kommunen arbeide lengst mogelege vekk i frå områder der fundamentet er dårleg og operere med ein kort open grøft. Ved sprengningsarbeid vil kommunen ordne med rystelsesmåler for å ha kontroll over kor store rystelser eigedomen utsettast for dersom det er naudsynt med sprenging for å få utført overvasstiltaka.

4. Kommunen er ansvarleg for at anleggsarbeidet og for eventuelle skadar som måtte oppstå som følgje av tiltaket. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført egedomen, til dømes setningskader, som følgje av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst eventuelt skjønn. Skadar ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal handterast på same måte.
5. Byggetiltak nærmere enn 4 meter fra overvasstiltaka må godkjennast av kommunen på førehand. Elles må det tett inntil anlegget visast varsemd slik at det ikke vert skadar.  
Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår fra førenemnde føresegner.
6. Etter at anleggsarbeidet er utført over egedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
7. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på egedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato: .....

Deleigar av gnr. 23 bnr. 446

Meland kommune

.....  
Personnr.:.....

Orgnr.: 951 549 770

Stad og dato:.....

Deleigar av gnr. 23 bnr. 446

.....  
Personnr.:.....